



## TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 15

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 25.09.2015

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
12/322-29	6114/15	020	FSK/FEL/ANTE	

### MØTEREFERAT 11. SEPTEMBER 2015

Det vart halde møte i eldrerådet fredag 11. september 2015 kl. 10.00 i rådhuset.

Desse møtte:

Freddy Jensen  
Erna Drange  
Helge Hauge  
Anne Lise Holmelid

Reidun Sellevåg møtte ikkje.

#### Sak 1 – Eldredagen 1. oktober

Ordførar og rådmann vert invitert til å koma og orientera om status for nytt omsorgssenter og utviklinga i saka om gjennomgangsbussen til Stord. Ein skulle også sjekka ut tema for dagen innan emnet friluftsliv og helse. I denne samanheng skulle Tore Økland spørjast om deltaking.

Eit anna tema var samhandlingsreforma i eit forebyggingsperspektiv. Her skulle Magne Skartveit kontaktast om deltaking. Det var også teke opp å kontakta seniordansen for mogeleg framvising og dans.

Eldredagen vert 1. oktober kl. 15.00 i Grendatun. Påmeldingsfrist vert sett til 25.09, og billettprisen vert kr. 200,-. Ein skal spørja Marta om å spela, Marit Espedalen om å delta som sokneprest og Sissel Clausen i Kontakten om å trykkja opp songar. Anne Lise Holmelid og Erna Drange møtest for å klarleggja ytterlegare deljar rundt arrangementet.

#### Sak 2 – Gjennomgangsbussen til Stord

Leiar i eldrerådet orienterte om møte med ordførar om saka. Kommunen har sendt skriv til Skyss, og vil arbeida vidare for å oppretthalda bussruta. Eldrerådet avventar svar frå Skyss.

### **Sak 3 – Eldrerådskonferansen for eldreråd i Hordaland**

Erna Drange og Anne Lise Holmelid reiser på denne. I denne sammenheng var det spørsmål om eldrerådet i Tysnes ønske å koma med framlegg til medlemmer i fylkeseldrerådet. Dette ynskjer ikkje eldrerådet å gjera.

Ymse.

Her vart orientert om komlefest 5. november kl. 18.00. Erna Drange skulle tinga kjøkenet frå kl. 12.00.

Møtet slutt kl. 11:20